



## VOLDA KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

**Utvalg:** **Tenesteutval for oppvekst og kultur**

**Møtestad:** **Austefjorden, Rådhuset**

**Dato:** **12.09.2018**

**Tid:** **13.00**

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneholder informasjon som er unntake offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 28/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
PS 29/18	<b>Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 30/18	<b>Kartlegging ungdomsklubb- ungdomsarbeid</b>
PS 31/18	<b>Kompetanseutvikling i grunnskulen - handlingsplan 2018-2020</b>
PS 32/18	<b>Orienteringssaker</b>  <b>Orientering om bemannings- og pedagognorm i barnehagane.</b>
OS 27/18	<b>Orientering - ny koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker</b>
OS 28/18	<b>Referat frå SU (Samarbeidsutvalet) - Engeset barnehage</b>

**PS 28/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**PS 29/18 Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte**



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2014/979
		Arkivkode:	614

Utvaksnsnr	Utvål	Møtedato
30/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	12.09.2018

### KARTLEGGING UNGDOMSKLUBB- UNGDOMSARBEID

**Administrasjonen si tilråding:**  
*Rapporten blir tatt til vitande*

**Vedleggsliste:**

Rapport: Ungdomsklubb - ungdomsarbeid

**Samandrag av saka:**

Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) ga i mars 2018 administrasjonen i mandat å gjennomføre ei brei kartlegging av ungdom sitt behov/ynskje for tiltak og aktiviteter – inkludert tiltak som det kan vere aktuelt å legge til ein ungdomsklubb. Klubbleiar fekk i oppdrag å samarbeide med ulike ressursgrupper/fagmiljø for å arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eiga lokale til ungdomsklubb. Når kartlegginga/gjennomgangen av tiltak retta mot ungdom er gjennomført, skal kommunestyret kom tilbake til finansiering og rammer for ungdomstilbodet (jf. KST sak 146/17).

Saka går no først attende til TOK som ga mandatet for å drøfte rapporten og ev kome med vidare signal til tiltak opp mot budsjett- og økonomiplan.

**Saksopplysningar/fakta:**

I 2015 blei ungdomsklubben flytta frå Telehuset til Salongen (2. etg. på samfunnshuset). Klubben blei drifta her fram til mai 2017 då renoveringa av samfunnshuset starta. Oppslutninga rundt ungdomsklubben var låg dei siste åra den var i drift.

Kartlegginga er gjennomført gjennom kontakt med elevråda ved ungdomskulane og den vidaregåande skulen i Volda, i tillegg til at ungdomsrådet, deltarar på UKM og Band Camp, ungdom på klubbkveldar og via sosiale plattformar og fagpersonar fått uttale seg. Som

grunnlag for rapporten er det blant brukt data frå UngData-undersøkinga og folkehelseprosjektrapporten «Saman for barn og unge i Volda».

### Vurdering og konklusjon:

Tala frå UngData visar at det fleire uromoment å ta tak i med tanke på å nå framtidvisjonen frå Volda sin samfunnsplan retta mot barn og unge. Med ein stad og ein møteplass der ein kan jobbe målretta i samarbeid med andre instansar – og ungdommen sjølv – for å skape eit betre ungdomsmiljø i bygda, vil kunne ha stor effekt.

Ut frå utsegna til fagpersonane og ungdomen kan ein trekke konklusjonen at det både er *behov for og ønske om* eit eigna klubhus for ungdom i Volda, der ungdomen sjølv får vere med å bestemme/utforne lokala.

Ungdomen ynskjer ein plass der dei kan halde på med fleire aktivitetar, dyrke ulike interesser og ha sosialt samvær med ungdom på deira alder.

Fagpanelet ser at ungdommen treng ein plass der dei har moglegheit til å lære på eigne premissar. Både fagpanel og ungdomen seier at det er viktig at det er eit fast tilbod – på ein fast arena, slik at ungdomen veit *kvar* dei skal gå og *når* dei kan gå dit. Lokalet bør vere så geografisk lett tilgjengeleg som mogleg. Ein ungdomsklubb/fritidsklubb vil ansvarleggjere ungdom på ein heilt anna måte enn «pop-up» tilboda gjer, fordi ungdomen sjølv er ansvarleg for å planlegge og arrangere det som skjer på «klubben». Arrangement og tiltak av meir kortvarig art som er retta mot ungdomsgruppa kan vere med å auke bredda i ungdomstilboden – men kan ikkje erstatte ein fast tilhaldsstad.

Det har vore gjennomført ei rekke ulike tiltak/arrangement i påvente av eigna klubblokale: Band Camp 2018, UKM (ungdomens kulturmønstring), temakveldar på biblioteket («Prat om») er i startgropa, i tillegg til at klubbleiar har starta eit samarbeid med Volda ungdomsskule, og at klubbleiar har dialog med nokre av dei frivillige laga i Volda for å skape eit heilskapleg ungdomstilbod – for å nemne nokre av dei tiltaka som har starta.

Byggjenemnda har fått i oppdrag å leggje fram eit forprosjekt for kulturhus der m.a bibliotek og ungdomsklubb er ein del av mandatet. Dei presenterte skisser til prosjektet i ope møte i slutten av august. Der var representantar frå ungdomen til stades og uttrykte interesse for planane som vart presentert for ungdomsklubblokale, samt at ungdomsklubben bør liggje i sentrum. Byggjenemnda skal presentere planane for kulturhusprosjektet for formannskapet 18. september.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. I samfunnsplanen er det mellom anna fokusert kor viktig det er å forebygge mobbing, rus og psykiske problem. Ein av Volda sine framtidvisjonar er at «*Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer*».

Aktuelle problemstillingar som bør drøftast politisk som innspel til budsjett og økonomiplan:

- Kulturhusplanane og ungdomsklubb integrert i desse som framtidig løysing
- Korleis gi tilbod om ungdomsklubb til ein har ei framtidig løysing? Bør ein ta med representantar for ungdomen og drøfte konkrete lokale og korleis desse bør utstyrast? Kan ungdomen ev tenkje seg at ein i ein mellombels periode kan ha felles ungdomsklubb med Ørsta (i Ørsta) der Volda kommune betaler bussbillett tur/retur?
- Kva økonomisk ramme ser ein for seg årleg i leige og drift? Ser ein for seg kreative og nytenkjande idear der ein får til god ressursutnytting?

### Økonomiske konsekvensar:

Vert å avklare i samband med budsjett og økonomiplan.

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Utskrift av endelig vedtak:**

Administrasjonen for vidare arbeid

Ungdomsrådet

Formannskapet

Kommunestyret

## UNGDOMSKLUBB - UNGDOMSARBEID

Tenesteutval for oppvekst og kultur ga i møte 7. mars 2018 administrasjonen følgjande mandat (TOK-sak 13/18):

*1. Mandat: Administrasjonen får følgjande mandat:*

- *Gjennomføre ei brei kartlegging av ungdom sitt behov/ynskje for ulike tiltak og aktivitetar, inkludert aktivitetar som ungdom meiner det er aktuelt å legge til ein ungdomsklubb.*
- *Gjennom samarbeid med ulike ressursgrupper/fagmiljø arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eigna ungdomsklubblokale.*

*Prosess: Involvere ungdomsråd, ungdom i kommunen og fagpersonar som arbeider med ungdomsgruppa for å få kartlagt deira behov og synspunkt på det kommunale tilbodet retta mot ungdom.*

*Tidsplan: Kartlegginga skal starte opp snarast og vere avslutta innan 3 månader, og Tenesteutval for oppvekst og kultur skal få saka til handsaming så snart som råd etter ferien 2018*

*2. I påvente av og parallelt med prosess i punkt 1, vert det starta førebels treffpunkt for unge i salongen.*

### Bakgrunn

UngData, folkehelseprosjektrapporten «*Saman for barn og unge i Volda*», opplysningar frå www.allemed.no og desse to dokumenta frå Ungdom & Fritid – «*Kommunal veileder – i arbeidet med fritidsklubber og ungdomshus*» og «*Kvalitetskriterier for fritidsklubber og ungdomshus*» – er også brukt i denne rapporten.

I samfunnsdelen av kommuneplanen til Volda kommune er «folkehelse» godt omtala.

Fokus framover i høve samfunnsplanen er mellom anna:

Låg terskel for å førebygge

- Mobbing
- Psykisk helse
- Rus

Og visjonen for framtida er:

«*Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer*»

I tala frå UngData<sup>1</sup> i 2013 vart einsemd, angst, rus og livstilsjukdomar, samt at særleg unge jenter slit med si psykiske helse, trekt fram som hovudutfordringar.


I UngData-presentasjonen for 2017 vart desse uromomenta trekt fram:

Einsemd, depressive symptom, rus, mobbing, låg tru på framtida, ungdommen er mindre fornøgd med skulen sin og framleis er unge jenter si psykiske helse eit uromoment.

---

<sup>1</sup> Helsedirektoratet finansierar UngData-undersøkinga. NOVA – Velferdsforskningsinstituttet ved høgskulen i Oslo og Akershus handssamar alle data og genererer rapportane.

Svarprosenten frå Ungdata er høg på ungdomstrinnet i Volda i forhold til landet elles (90% versus 80,4%). På dei vidaregåande trinna ligg Volda på 63%, medan det på landsbasis var 64,6% som svarte.



Frå UngData-presentasjonen for Volda kommune



Tala frå UngData 2017 viser at ungdommen ikkje er nøgd med møtestadene for ungdom her i bygda. I heile Noreg er berre 50% av ungdommen nødde med treffpunkt for ungdom på sin heimstad. Til Samanlikning er 57% av Ørsta si ungdomsgruppe nødde. I Volda derimot, er talet så lavt som 35%.

Volda ligg også under landsgjennomsnittet med sine prosentandel ungdom oppgir at dei er ute med vene på fritida (22%), medan Ørsta har nesten dobbelt så høg andel (40%). Nokre av ungdomene i Volda seier at dei reiser til Ørsta på Kaihuset ein gong i veka for å treffe andre på sin alder og for å gå på diskotek.

*«Til neste år har vi ikke råd lenger.  
Då blir nemleg bussen dobbelt så dyrt.» - jente  
15 år*

Ikkje alle har råd, eller får lov av foreldra til å reise til Ørsta om kveldane.

93% av örstingane kjenner seg trygge når dei er ute om kvelden og ferdast i nærmiljøet der dei bur. Berre 81% i Volda gjer det same, medan 88% kjenner seg trygge på heimstaden på landsbasis.

## Ute med venner

Prosentandel av ungdomsskoleelever som har vært ute med venner størsteparten av kvelden minst to ganger siste uke

■ 14 % eller mindre ■ 15 - 26 % ■ 27 - 33 %  
■ 34 - 45 % ■ 46 % eller mer

Kommune:	Volda
Fylke:	Møre og Romsdal
Siste undersøkelse:	2017
Antall deltatt i kommune:	294
Volda kommune:	22 %
Møre og Romsdal fylke:	33 %
Region Hordaland og Nordvestlandet:	32 %
Norge:	30 %

### Metodeforklaring

Indikatoren er målt gjennom følgende spørsmål om hvor mange ganger i løpet av de siste sju dagene de har "vært ute med venner størsteparten av kvelden".

Indikatoren viser hvor mange prosent som har vært ute med venner minst to ganger siste uke.

## Ensomhet

Prosentandel av ungdomsskoleelever som er mye plaget av ensomhet

■ 13 % eller mindre ■ 14 - 16 % ■ 17 - 19 %  
■ 20 - 22 % ■ 23 % eller mer

Kommune:	Volda
Fylke:	Møre og Romsdal
Siste undersøkelse:	2017
Antall deltatt i kommune:	294
Volda kommune:	23 %
Møre og Romsdal fylke:	20 %
Region Hordaland og Nordvestlandet:	20 %
Norge:	19 %

### Metodeforklaring

Indikatoren er målt gjennom spørsmål om hvor plaget den enkelte har vært i løpet av siste uke av følgende: "Følt deg ensom".

Indikatoren viser hvor mange prosent som er "Veldig mye plaget" eller "Ganske mye plaget" av dette.

Einsemd er i følgje UngData-undersøkinga eit problem for ungdom i Volda. Eit ledd i å forhindre at ein blir einsam, er å møte folk og vere sosial. Det er ein aukande trend at ungdom ikkje lenger treff kvarandre på fritida, men sit på kvart sitt rom foran ein skjerm. Det å møte folk andlet til andlet er rett og slett ein sosial ferdigheit som er i ferd med å gå tapt i den norske ungdommen sitt repertoar.

UngData-undersøkinga viser at 12% av elevane i Volda ikkje har ein einaste ven dei stolar på, og 2 av desse prosentane «har ingen dei vil kalle vener no for tida». Til saman er 23% einsame.

I følgje undersøkinga slit 12% av ungdommen i Volda òg med depressive tankar, og mobbetala i Volda er høgare enn landsgjennomsnittet. På landsbasis blir 7% av ungdommen mobba. I Ørsta er talet 5%, medan det i Volda er dobbelt så høgt – 10%.

## **DEL 1 – FØRSTE PUNKT: KARTLEGGING**

Ulike ungdomsmiljø har vore kontakta for å få gjort ei breiast mogleg kartlegging av ungdomane sitt behov og sine ønskje. I staden for spørjeundersøking<sup>2</sup>, vart det oppretta kontakt med elevråda ved ungdomsskulen og den vidaregåande skulen i Volda. Elevane fekk høve til å stille spørsmål til sine klasser for så å uttale seg om ønskjer og behov i samband med ungdomsaktivitet i bygda si.

I tillegg har Ungdomsrådet i Volda, UKM- og BandCamp-deltakarar, ungdom på klubbkveldar og via sosiale plattformer, samt fagpersonar som jobbar med ungdom i Volda fått uttale seg.

### **Ungdommen si røyst**

Nokre av ungdommane kunne fortelje at dei ikkje hadde noko fritidsaktivitet å gå til og at dei svært gjerne ønskja seg eit slikt tilbod.

Ungdommen syns også det er viktig at klubben blir drifta delvis av ungdom sjølv, og at dei sjølv har eit styre som kan ta eigne avgjersler.

*”Ungt ansvar – vaksent nærvær” - Aina Øyehaug Opsvik*

Det er kome inn mange forslag og ønskjer via sosiale media og i møte med ungdommen.

Dei ønskjer å bli tatt på alvor, med eit reelt tilbod om eit lokale dei kan vere i:

Ungdommen vil ha eit ungdomshus som er berre deira og som dei kan innrei som dei vil sjølve.

I huset vil dei ha diskotek med dansegolv, konsertscene, DJ-utstyr, UV-lys, røykmaskin, diskokule og godt musikanlegg og høgtalarar. Det har kome innspel frå fleire om at dei ønskjer å ha ope diskotek ein gong i månaden, og faste opningstider kvar veke med gratis inngang.

Andre ting dei syns er viktig å ha i ein klubb, er mellom anna ein kiosk med tilhøyrande kjøkken og matsal med låge priser, samt internettcafè med god internettforbindelse. Av essensielle ting nemnde fleire av dei eit bra klimaanlegg, toalett, garderobe, sofaer og aktivitetsrom.

I tillegg ønskjer fleire seg eit TV-/filmrom, vaksenfritt/foreldrefritt område, spelerom med biljard, fotballspel og airhockey, lydtett studio og fleire øvingsrom, eit område for å spele brettspel og kort, mini-curling, mini-bowling, gaming-rom, PC og kodeklubb, rom til legoklubbrom, ballbasseng-rom.

Temakveldar, utkledningsfest og biljardturneringar var nokre av dei andre forslaga til kva som kunne gå føre seg på ein fritidsklubbkveld. Andre forslag som ikkje er direkte knytt eit klubhus per dags dato var ope hall, kodekurs for ungdom, trampolinepark/hoppeslott, konsertar for ungdomsgruppa, parkour, turmoglegheit i nærleiken og ungdomskino.

Ungdomen ønsker seg med andre ord eit breitt og variert tilbod, og ein stad å utøve sine interesser. Deler av tilboden bør vere ”flytande” og fleksibel – og burde kunne følgje interessene til dei ungdommane som nyttar seg av lokala til ei kvar tid.

Når det gjeld opningstider vil ungdomen at ein skal kartlegge fritidsaktivitetane i bygda for å finne opningstidene som passar flest mogleg. Dei ønskja seg òg fleire klubbkveldar i veka når huset eventuelt opna. Dei ville også ha ei eiga heimeside for klubben – når det vert ein ordentleg klub og namnet er klart. Elevrådet ved ungdomsskulen i Volda hadde fleire forslag til kva lokale som kunne nyttast som mellombels lokale.

*”Huset skal verte betre enn Kaihuset” - elevrådsrepresentant ved V.U.S.*

---

<sup>2</sup> Ei større spørjeundersøking retta mot ungdomen i Volda blei vurdert til å vere ei for omfattande oppgåve, i tillegg til at det ville bli svært tidkrevjande å få handsame alle data i ettertid.

Ungdomsrådet meinte at *om* det skulle byggjast nytt lokale var det betre å halde ulike kurs og arrangement medan ein venta på ferdigstillinga, enn å halde fram i dei lokala som no er i bruk. Dei syntes ikkje det er eit seriøst tilbod til ungdommen og at det set klubben i eit dårleg lys. Volda kommune får eit dårleg rykte hjå ungdom når ein nyttar seg av lokalar som er så dårleg eigna til føremålet, seier ungdomane.

### Krav til lokala

Erfaringar tilseier at ungdommen si kjensle av tilhørsle til klubben sin heng saman med i kva grad dei er gjort ansvarlege i forhold til den. Eit lokale ungdom sjølv har vore med på å forme, gjennom oppussing og-/eller innreiing av rom, vil dei i større grad identifisere seg med og ønskje å verne om. Spørsmålet om sambruk av lokalar med andre brukargrupper må sjåast i denne samanheng.

Om ungdom ikkje får prege sitt klubblokale med eigne symbol, vil interessa fort falle. Som ungdommen sjølv seier, ønskjer dei å drive klubben sjølv. Dei ønskjer eit ungdomsstyre og eit crew som jobbar med arrangement og innhald til sin eigen klubb.

Ungdomsklubblokalet skal fungere både som arbeidsplass og fritidsarena. Lokala må fylle minimumskrava i arbeidsmiljølova. Tilgang til dagslys og frisk luft er essensielt. At det er universalt utforma er sjølvsagt, då Klubben ikkje skal ekskludere nokon, men vere eit tilbod til *alle*.

Ungdom & Fritid meiner at desse 7 punkta bør vere dei rettleiande minimumskrava for eit ungdomsklubblokalet:

1. Sal eigna for musikk og dans, med plass til fri leik, spel og framsyningar.
2. Kjøken eller kiosk med moglegheit for enkel matlaging, gjerne tilknytt kafé.
3. Gruppe- og aktivitetsrom. (ikkje spesifisert kor mange)
4. Personalrom.
5. Separate toalett.
6. Inngangsparti eller lobby med garderobe.
7. Lagerrom for varer og utstyr.

### Fagfeltet<sup>3</sup> si røyst

Ikkje alle har råd, moglegheit eller lyst til å delta i idrett eller anna organisert aktivitet: I 2016 var det 101 300 barn i Norge som vaks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Relativ fattigdom betyr meir enn mangel på mat, kle og tak over hovudet, det omfamnar også mangel på mogleheter til å delta sosialt, på lik linje med resten av samfunnet. For landet som heilheit er talet på barn som veks opp i familiar med låg inntekt er sterkt aukande og utgjer omlag 10%. I snitt har kvar skuleklasse 2-3 barn som veks opp i barnefattigdom.

«*Det må vere eit tilbod til alle – utan inngangsbillett!*» - Aina Ø. Opsvik

Det ein ser er at ungdom i Volda har få møteplassar, og største målgruppa er i ein alder der mange fell i frå og sluttar med fritidsaktivitetane sine. Mange ungdom sit heime og «møtast» over skjerm, og fleire kjenner eit behov for ein stad der dei fysisk treff andre.

---

<sup>3</sup> Desse personane frå ulike fagmiljø er representert i rapporten: Lisbeth Hoggen Totland (helsesøster for ungdom), Aina Øyehaug Opsvik (leiar for interkommunal barnevernsteneste),

Anette Hauger (fagteamleiar for hjelpetiltaka retta mot einslege mindreårige flyktningar), Inger Stine Bjørneset (miljøterapeut/barnevernspedagog for Volda ungdomsskule), Lene Nupen (assisterande oppvekstsjef), Geir Sæther (miljøterapeut i rus og psykisk helseteneste), Rune Rotevatn (tidlegare ungdomsarbeidar på Telebygget), May Lisbeth Lande (tidlegare leiar for ungdomsklubben), Anne Følsvik (barnehageassistent/tidlegare klubbarbeidar), Selma Fjørtoft (ungdomsskulelærar med ansvar for elevrådet), Runar Hovde (kommunepsykolog), Marianne Solheim (representant for ungdomsgruppa ved Læringsenteret), Mona Ryssevik (leiar for Fritidsklubben og Ung i Herøy) og Marie Flatin (leiar for Bell ungdomsklubb i Ulsteinvik).

*"Folkehelse har å gjere med korleis vi lever liva våre, korleis vi har det i familien, i nærmiljøet, i fritida og på mange andre områder. (...)*

*Her trengs det meir satsing på lågterskel tilbod, gode møteplassar og eit inkluderande miljø som hindrar utanforskap. Samla sett er ein god barndom ei investering i ei betre og meir berekraftig framtid for alle.*

*Det er god samfunnsøkonomi."*

Folkehelseprosjektet «Saman for barn og unge i Volda»

I eit folkehelseperspektiv er ein møtestad for unge verdifullt. Det er ein viktig faktor for god psykisk helse at ungdom kjenner at dei hører heime ein stad. Dei som ikkje har ei slik tilknyting, er ei risikogruppe. Det å ha ein slik open møtestad for all ungdom i aldersgruppa, kan vere eit viktig førebyggjande tiltak.

Faggruppa meiner at eit tilbod som ligg geografisk sentralt er viktig, gjerne i nærleiken av andre fritidstilbod, då dette kan bidra til at dei organiserte og dei uorganiserte ungdommane vert meir blanda og at fleire nyttar seg av tilboden. Tilboden må vere såpass attraktivt at dei fleste ønskjer å bruke det – på denne måten vil tilboden også fungere som eit inkluderingsstiltak.

Fleire av fagpersonane påpeikar at det er viktig at det er eit tilbod på ein *fast arena* – det gir tryggleik. Barn og ungdom generelt treng trygge, stabile rammer. Og dei som kjem til Volda utanfrå, har ikkje eit nettverk, kan hende verken i Volda eller Noreg – dei søker det kjende og treng klare retningslinjer og regelverk å halde seg til når alt er nytt.

Den nye «trenden» i barneoppfostringa er at mykje foreldreoppfølging vert forventa. Det krevjast ressurssterke foreldre som evner å fylgje opp barna på ein god måte. Dei som ikkje har denne oppfølginga hamnar på ein måte «utanfor». I ein ungdoms-/fritidsklubb skal tilboden vere foreldrefritt, alle blir like.

På ungdomsklubben/fritidsklubben skjer møtet mellom ungdommane og den vaksne friare og er basert på dei unge sitt initiativ. Klubbarbeidaren si rolle er ein rettleiar som legg til rette for aktivitet, med tid til å lytte og samtale. For å få til dette – må ein ha eit stabilt tilbod med faste opningstider som ungdommane veit dei kan nå dei tilsette på. Barn og ungdom likar at ting er føreseileg, at dei veit kva som møter dei. Terskelen blir høg for nokre ungdom om dei må planleggje.

«Pop-up»-tilbod er difor eit godt ekstratilbod til det faste, trygge – men kan ikkje erstatte det. Dei kan gå glipp av eit godt tilbod, og vi, som samfunn, kan gå glipp av ei gruppe ungdom som det er viktig at blir sett og støtta.

*"Det å ha gode og universelle tilbod der alle er inkludert og kjenner seg verdsett og kan bidra til samfunnet utifrå ressursar og evner, er viktig i det førebyggande arbeidet. (...) tiltak som løfter alle, vil også kome barn og unge som er sårbare til nytte. God skule, god barnehage og gode fritidstilbod som inkluderer alle, er her alfa og omega."* Folkehelseprosjektet «Saman for barn og unge i Volda»

Fleire av fagpersonane seier at dersom ungdomsklubben får eit godt eigna klubblokale, så er det viktig at Volda kommune sørger for at drifta blir stabil: Det bør ikkje vere eit budsjettspørsmål kvart år om tilboden skal halde fram eller ikkje. Det blir for ustabilt, og det er viktig å vise ungdom som gruppe at dei er verdifulle i samfunnet. Ungdom treng at vaksne ser dei, og ser at dei kan vere ein ressurs.

Mange ungdom i dag strevar nemleg med å oppleve meistring – og meistring er eit viktig moment for utviklinga til både barn og ungdom. På klubben kan ungdom kan få hjelp og støtte til å mestre på andre arenaer enn i skule eller innan idrett.

Ein klubb er såleis eit godt førebyggjande tiltak, eit lågterskelttilbod for all ungdom, der ein kan møtest frå alle samfunnslag, både «ur-voldingar» og tilflyttarar. Dei ungdommane som ikkje engasjerer seg i dei tradisjonelle ungdomstilboda som t.d. idrett, søker seg ofte mot eit anna tilbod. Om ein då ikkje

har det tilbodet til dei, kan dei kome i feil miljø, meir eller mindre umedvitne. Dessverre er det nemleg slik at rusmiljøet er eit tilbod med ganske låg terskel, og det er enkelt å integrere seg i det.

Det er ingen i Helsedirektoratet som våger å gå ut med eksakte tal på kva det kostar samfunnet når nokon ender opp i rus. Rokkan-senteret i Bergen anslo i 2008 at samfunnskostnaden knytt til rusbruk var 18 milliardar.

Anslag knytt til statens «rusregnskap» for 2016 viser til ein knappe 6,7 milliardar kroner, og i tillegg kjem kommunenes «rusregnskap» for 2016 som er anslått til mellom 5,5 og 6,7 milliardar kroner. Dersom ein leggjar til utgift til domstol, politi og fengsel knytt til rus, må ein leggje til mellom 1,5 og 3 milliardar. Gode og trygge samfunn er svært, svært lønnsamt. Dette handlar om å ha fokus på både det helsefremmande og det førebyggande arbeidet i kommunen.

*”Om vi investerer i ein ordentleg klubb no, gir vi endeleg eit signal til ungdommen om at dei er verdifulle og at dei er ein viktig del av samfunnet vårt!”*  
– Inger Stine Bjørneset

## **DEL 1, ANDRE PUNKT: Gjennom samarbeid med ulike ressursgrupper/fagmiljø arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eigna ungdomsklubblokale.**

Siden nyttår har det vore sett i gang ulike aktiviteter retta mot ungdom, i tillegg til at klubbleiarar har tatt kontakt med ungdom gjennom ei rekke ulike kanalar:

I januar og februar arrangerte Ungdomsklubben i Volda BandCamp2018. BandCamp kom i gang som eit heilårig UKM-prosjekt i samarbeid med kulturskulane i Volda og Ørsta. Dette var det andre året BandCamp vart arrangert, og det vert no satsa på å kunne ha dette som ei årleg hending. Camp'en har vore ein suksess og UKM hadde 75% av sine deltakarar med utspring frå BandCamp. I tillegg fekk klubbleiarar i stand ein avtale med kulturskulen i Volda som kjem direkte frå samarbeidet om BandCamp. Avtalen er slik at klubben sine medhjelparar og medlemmar kan bruke bandromma på kulturskulen i helgane frå hausten av.

Det vart søkt eksterne midlar frå UKM Norge til gjennomføringa av BandCamp og den 1. oktober er det ny søknadsrunde for stimuleringsmidlar. Kulturskulane vil halde fram med samarbeidet med ungdomsklubben om å søkje midlar til både BandCamp og andre prosjekt. Det komande året ønskjer klubbleiarar også å arrangere andre typar kurs og aktivitetar. I samarbeid med Høgskulen i Volda blir det truleg eit Stage Fighting-kurs og eit teatersportkurs i løpet av året. Klubbleiarar ønskjer også sjå på moglegheita for å arrangere eit «Sommarprogram» retta mot ungdom i Volda.

Biblioteket og klubben byrja eit samarbeid om ulike temakveldar med debatt for ungdom i biblioteket sine lokale – som skal heite ”Prat Om”. Det har dessverre blitt forseinkinger i dette prosjektet, grunna avgrensa personalressursar. Tanken er å få ungdom engasjert og til å snakke saman om tema som opptek dei, eller ta opp tabubelagde tema med debattleiarar som er opne for ulike meininger.

Klubbleiar har starta opp eit forum for fritidsklubbleiarane i Volda og omsegn, med ein tanke om framtidig samarbeid, erfaringsutveksling og mogleg spleising på større arrangement. I første omgang er det oppretta eit nettforum, og ein håpar å kunne ha to til tre samlingar i året.

Når klubben ikkje har eigna lokalar å vere i, må ein bruke andre virkemiddel til å knyte til seg ungdom og bli kjend med dei. Utan ein fast og eigna møteplass for ungdom, er prosessen svært vanskeleg. Sidan ungdom ikkje fylgjer særleg med på plakatar, avisar eller andre informasjonskanalar vaksne er vande med å bruke, må ein ta i bruk sosiale media der ungdomen er. Heile 81% av ungdom i Noreg brukar Snapchat, 67% Instagram og berre 54% brukar Facebook. For å knyte – og halde kontakt med

ungdom, har klubbleiar oppretta kontoar på ulike sosiale media under namnet UNGIVolda og UKM Ørsta/Volda. I november skal Landskonferansen til Ungdom & Fritid gå av stabelen i Oslo – ”Det digitale ungdomsarbeidet”. Klubbleiar deltek her for å lære meir om dette.

Eit nærmare samarbeid med ungdomsskulen er og satt i gang, der klubbleiar er meir til stades i skolemiljøet på dagtid for å knytte kontakt med ungdom.

I tillegg har leiar engasjert seg i frivillig arbeid for å kome i kontakt med ungdom som treng det, og har starta dialog med nokre av dei organiserte laga i Volda for saman å skape eit betre og heilskapleg ungdomstilbod i bygda. Dei organiserte fritidsaktivitetane og frivillige organisasjonane har ein solid posisjon i Noreg, og i Volda. Dei utgjer ein viktig ressurs i lokalmiljøet, men er ikkje nok for å sikre eit godt barne- og ungdomsarbeid åleine. Det frivillige er sårbart, og det vil vere positivt om ein kan samkjøre kva tilbod ein har og kan dra nytte av kvarandre sin kompetanse.

Andre stader har ein oppretta samarbeidsgrupper der dei organiserte fritidsaktivitetane og fritidsklubben samarbeider i eit «Nærmiljøforum» om større arrangement og liknande. Dette kunne vere interessant for Volda. Frivilligsentralen og klubbleiar planlegg no eit samarbeid om eit Nærmiljøforum og ein AlleMed-dugnad kor ein ønskjer å finne gode løysingar for å inkludere all ungdom i fritidsaktivitet.

Det er òg behov for at kommunen samordnar tenestene sine retta mot ungdom. Tverrfaglege samarbeidsgrupper innan oppvekstområdet kan bidra positivt med ei heilskapstenking, der forslag til gode førebyggingstiltak og eventuelle bekymringar kan drøftast. I ei slik gruppe bør m.a. ungdomsklubben, barnevernet, politiet, skulen si miljøterapeut, kommunepsykologen og helsesøster vere representert.

Om samarbeid og kommunikasjon ikkje fungerer, kan det føre til dobbeltarbeid. Dei ulike aktørane i kommunen kan hende jobbar med parallelle tiltak mot same gruppa. Ungdomsklubbstillinga vart i 2015 delt frå stillinga som ungdomsrådskoordinator, som er ei stilling som tidlegare ungdomsklubbleiar May Lisbeth Lande framleis har. Folk er vande med at ungdomsklubben og ungdomsrådet er tett knytt saman, og tenkjer ikkje på at ein beskjed eller invitasjon no må sendast to gongar – ein til ungdomsrådet og ein til ungdomsklubben. Dette fører til at ungdomsklubben ikkje får alle beskjedar, og ikkje vert invitert inn i alle forum den bør vere i.

## **DEL 2: ”I påvente av og parallelt med prosess i punkt 1, vert det starta førebels treffpunkt for unge i salongen.”**

På oppmoding frå Tenesteutval for Oppvekst og Kultur, starta ungdomsklubben opp i Salongen sine lokalar og hadde ope ein gong i veka fram mot sumaren.

Det er svært vanskeleg å rekruttere ungdom til lokala og å få med seg ungdom til å delta når dei kjenner seg så lite prioritert. To ungdom hjelpte til med å planlegge og lage til salongen til de fyrste hendingane.

Det starta veldig bra med 17 besökande på «Vaffelkveld», men dei siste vekene før skuleslutt kom det færre og færre, og til slutt ingen.

I staden for å nytte Salongen som lokale, bør ein vurdere å nytte andre kommunale lokalar når ein treng ein møteplass – då ungdomen sjølv seier at Salongen gir Volda kommune og klubben eit dårlig rykte blant ungdom.

*”Om ein skal ha ein klubb så må ein satse, eller så må ein la vere.  
Men har ein eigentleg råd til det? Å la vere?”*


– Rune Rotevatn

## Konklusjon

Ut frå utsegna til fagpersonane og ungdommen, kan ein trekkje konklusjonen at det er eit behov for eit eigna fritidshus for ungdom i Volda, der ungdomen sjølv får vere med å bestemme/utforme lokala.

Det er behov for ein plass der dei kan halde på med fleire aktivitetar, dyrke interesser og ha sosialt samvær med ungdom på deira alder.

Fagpanelet ser at ungdommen treng ein plass der dei har moglegheit til å lære på eigne premissar. Det er vanskeleg å forklare kva ein lærer, når det er mykje taus kunnskap som lærast.: Å tru på seg sjølv. Å ta ansvar. Stå for og kunne målføre eigne meiningar.



Til helsesøster for ungdom i Volda, teikna av ei voldajente som vil vere anonym.

Ein kan heller ikkje konkret talfeste kor mange ungdom som har «behov» for ein klubb for ikkje å hamne utanfor i vaksenlivet, med tanke på rus, arbeidsledigheit, psykiske plager, m.m. Men at tilbodet kan vere viktig for mange - og livsviktig for nokon få - er heilt sikkert.

Tala frå UngData-undersøkinga visar at det er fleire uromoment å ta tak i med tanke på å nå framtidsvisionen frå Volda sin samfunnsplan retta mot barn og unge. Einsemd, mobbing, møtestader, psykisk helse.

Med ein stad og ein møteplass der ein kan jobbe målretta i samarbeid med andre instansar – og ungdommen sjølv – for å skape eit betre ungdomsmiljø i bygda, vil kunne ha enorm effekt på framtida vår.

## Salongen på samfunnshuset

Tida med fritidsklubb fram mot sumaren i Salongen stadfester at Salongen ikkje er eigna til formålet. Det er fleire ting som gjer at Salongen ikkje eignar seg som fritidsklubblokale:

1. Det er eitt lite rom. Ungdommen kan ikkje halde på med parallelle aktivitetar der. Det er ikkje plass, og lokalet er ikkje tilpassa at ein skal kunne sjå film i ein del av romet, og for eksempel danse i ein annen del.
2. Ungdommen får ikkje gjere lokalet til sitt eige, då det er restriksjonar på kva som kan skrus opp og hengast på veggane. Dei får ikkje male i dei fargane dei vil og romet er generelt ganske ”trist” å sjå til.
3. Det er ikkje god internettforbindelse som ungdommen kan logge seg på.
4. Det ser ut til at Salongen har vorte eit oppbevaringsrom for stolar, dårlege bord og eventuelt anna skrot og verkty.
5. Temperaturen er vanskeleg å regulere i romet.
6. Lyd frå kinoen forstyrrar aktivitet, og klubbens aktivitet kan forstyrre filmframstykkingar.
7. Det er ikkje universalt utforma for rullestolbrukarar.

Det er svært krevjande å halde aktivitetsnivået som ein gjerne skulle ønske, når ein manglar eit fast, eigna møtepunkt for ungdomen. Det er ikkje mogleg å få etablert ei ressursgruppe for ungdom som kan hjelpe til å lage til og promotere ulike arrangement utan eit eigna tilhaldssted – der ein kan møtast og etablere gode kontaktar i ungdomsmiljøet. Jamleg kontakt med ungdom er naudsynt for å skape tillitsforhold og bli kjend med ungdom. Dette er naudsynt for at ein skal kunne samarbeide med, og kunne oppdage dei sidene ved den enkelte ungdomen som gjer at dei kan bidra på best mogleg vis – og oppleve meistring.

Ungdomstida er kort. Derfor er det naudsynt og viktig at Volda kommune har eit tilbod til ungdom no – sjølv om det blir som ei mellombels løysing i form av kurs, mindre arrangement og liknande – slik ein har gjort det siste halve året. Dette tilbodet kan likevel ikkje erstatte eigne lokalar til fritidsklubb på sikt. Det er viktig med kontinuitet og forutsigbarheit, og det får ein best til gjennom eit fast møtepunkt og dei rammene det gir. Det at ein tenkjer at ein skal spare pengar på å ikkje gi ungdomen eit godt tilbod, fell på grunn. Ungdom som fell utafor – kostar samfunnet mykje. Og det er vårt ansvar å ta det på alvor.

*«Eg skjønar at vi er ein enkel gruppe å ignorere, fordi vi ikkje har stemmerett – men vi kjem til å få det! Og vi er 100% av Voldas framtid.»*

- Astrid Kristine Isene – elevrådsrepresentant ved Volda ungdomsskule



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Håvard Strand	Arkivsak nr.:	2017/2442
		Arkivkode:	

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
31/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	12.09.2018

### KOMPETANSEUTVIKLING I GRUNNSKULEN - HANDLINGSPLAN 2018-2020

#### Administrasjonen si tilråding:

*TOK vedtek kompetanseutvikling i grunnskulen – handlingsplan 2018-2020 – slik den ligg føre.*

#### Vedleggsliste:

Kompetanseutvikling i grunnskulen – handlingsplan 2018-2020

#### Uprenta saksvedlegg:

Kvalitetsplanen, sektor for opplæring og oppvekst 2017-2020

Opplæringslova

#### Samandrag av saka:

Volda kommune skal ha ein handlingsplan for kompetanseutvikling i grunnskulen. Det er fleire grunnar til det, m.a at den skal sikre ein strukturert og godt gjennomtenkt plan for korleis skulen skal byggje opp kompetansen sin. Vidare skal planen sikre at skulane til ein kvar tid har naudsynt kompetanse på plass. Til sist er ein forankra plan naudsynt for å utløyse kompetansemidlar, det vere seg via den lokale fylkesmannen eller UDIR (Utdanningsdirektoratet). Planen som no ligg føre vil erstatte planen som har vore gjeldande frå 2014-2017. Administrasjonen ser på det som naturleg med ei ny rullering når Volda kommune og Hornindal kommune har gått saman som ny kommune i 2020.

#### Saksopplysningar/fakta:

Handlingsplanen som ligg ved saka, er utarbeidd etter ein administrativ prosess der skuleiarane har delteke med sine innspel. Planen byggjer også på nasjonalt vedtekne mål og strategiar, samt det pågående samarbeidet vi har i Sjøfjordregionen.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Kompetanseutvikling gir grunnlag for meistring, noko som igjen er postivt for den einskilde tilsett si helse.

**Økonomiske konsekvensar:**

Planen vil kunne utløyse midlar frå fylkesmannen, UDIR eller Møre og Romsdal fylkeskommune.

**Vurdering og konklusjon:**

Ein rår TOK til å vedta planen slik han ligg føre.

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Skulane i Volda kommune



## KOMPETANSEUTVIKLING I GRUNNSKULEN

### 1 HANDLINGSPLAN 2018-2020

#### 1.1 Nasjonalt prioriterte tiltak for 2018-2020

Meld.St.21 (2016-2017), «Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen» og Meld.St.28 (2015-2016), «Fag-fordypning-forståelse», ligg til grunn for kva sentrale styresmakter meiner er dei viktigaste fokusområde og utviklingsområde i tida som kjem. Fleire av dei skisserte områda er det alt eit pågåande arbeid knytta til, og fleire av desse vil halde fram i Volda kommune.

Stortingsmeldingane legg vekt på m.a kompetanseuke for lærarar og skuleleiarar, motivasjon og lærelyst, skulebasert utvikling og endring av fagplanar i retning av meir dybdelærering.

Gjeldande læreplanen sentrerer kring dei grunnleggande ferdighetene *lesing, rekning, digitale ferdigheter, skriving og munnlege ferdigheter*. Dette er og styrande, når kommunane skal velje sine utviklingsarbeid.

#### 1.2 Regionalt prioriterte tiltak - Sjustjerna

Regionsnettverket for Søre Sunnmøre, Sjustjerna, er eit interkommunalt samarbeidsforum for dei sju kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda. Regionen samarbeider m.a om kompetanseutvikling og kvalitetsvurdering. Det praktiske arbeidet vert leia av ein koordinator, som pt er oppvekstsjef i Ulstein. Dei siste åra har sjusternasamarbeidet redusert aktiviteten sin, då statlege midlar i større grad har vore øyremerkt spesifikke utviklingsprosjekt. Likevel ser vi verdien av dette samarbeidet, og vi held det oppe på så høgt nivå som vi greier, m.a med formelle samarbeidsmøte men og eit meir uformelt samarbeid mellom desse samarbeidsmøta.

For dei komande åra er det no lagt opp til eit samarbeid på to nivå – skuleleiarnivå og lærarnivå. Hovudsakleg vil tema dreie seg om arbeidet med ny, overordna del av læreplanen og koplinga mellom denne og fagfornyinga. Nedanfor vil vi konkretisere dette noko nærmare i stikkordsform.

##### 1.2.1 Leiarutvikling

Leiarutvikling er eit viktig satsingsområde for Sjustjerna. Dette er og i tråd med sentrale føringar. Ein vil her byggje vidare på:

- Vurdering for læring; skuleleiar si rolle som drivar i dette
  - Skuleleiar sitt handlingsrom og rolle som arbeidsgjevar
  - Lover og avtaleverk
  - Personalpolitikk og utviklingsleiing
  - Kvalitetsutvikling i skulen
  - Skuleutvikling; korleis bygge ein god skulekultur for læring og utvikling
  - Nettverksarbeid og erfaringsutveksling på tvers av kommunegrensene – faste grupper
  - Relasjonskompetanse som leiar og medarbeidar
  - Å leie arbeidet med innføring av ny, overordna del av læreplanen og fagfornyinga.
- Samarbeid med Høgskulen i Volda som vår kompetanseleverandør.



### 1.2.2 Kompetanseutvikling på lærarnivå

Sjustjerna skisserer fagnettverk på tvers av kommunane, utifrå kva den einskilde kommune har definert som «sitt» satsingsområde/behov. Ein ønskjer eit meir praksisnært fokus, der lærarane får gjere seg kjende med dei nye kjerneelementa i faga, og arbeider med innspel til høyringa om kompetansemål. Etter kvart som fagfornyinga rullar vidare, vil arbeidet med lokale læreplanar og utveksling av praksis (erfaringsdeling) stå sentralt i arbeidet i desse fagnettverka. I nokon grad er det naturleg å sjå føre seg eit samarbeid med Høgskulen i Volda, men det er og naturleg å tenke at ressurspersonar i eigen organisasjon blir sentrale her.

- Fagnettverk på tvers av kommunane; samlingar plassert i årshjul, varigheit 2-3 timer kvar gong. Målet er her at samarbeidet på tvers av kommunegrensene skal bli ein naturleg del av vår ordinære praksis, og ein viktig del av den skulebaserte kompetanseutviklinga.
- Lesekompetanse og læringsmiljø er kommunen sitt definerte utgangspunkt i dette arbeidet.

### 1.3 Kommunalt prioriterte tiltak for 2018-2020

Grunnlaget for den kommunale kompetanseutviklinga er:

1. Kunnskapsløftet, der det blir lagt vekt på følgande grunnleggande ferdigheter i alle fag:
  - Digitale ferdigheter
  - Munnlege ferdigheter
  - Å kunne lese
  - Å kunne rekne
  - Å kunne skrive
2. Nasjonalt prioriterte område. For 2017-2021 har sentrale styresmakter peika ut følgande område:
  - Vurdering for læring (framhald av satsing)
  - Realfag (strategi frå 2015, framhald).
  - Lese –og skriveopplæring, særleg fokus på språkløyper
  - Kompetanse for kvalitet (vidareutdanningsprogram for lærarar)
  - Kompetanse for mangfold (pedagogikk i møte med elevar som har andre morsmål)
  - Ungdomstrinnsatsing (framhald)
  - Læringsmiljø.
3. Kvalitetsplan for sektor opplæring og oppvekst (2017-2020), vedteken politisk 26.01.17 i kommunestyret.

Satsingsområda og tiltaka i kompetanseutviklinga for 2018-2020 er følgande:



### **1.3.1 Leiarutvikling**

For å kunne leie ein framtidsretta skule, treng skuleleiarane kontinuerleg påfyll fagleg. Å vere ein tydeleg leiar, og ha evne til å leie eit felles utviklingsarbeid, er særleg viktig. Dette er og i tråd med sentrale styresmakter, som vektlegg dette i Stortingsmeldingane denne planen omtalar innleiingsvis.

Leiarutviklinga lokalt vil vi organisere på ulike nivå, både i eigen kommunal regi, men og gjennom samarbeid i Sjustjerna. Følgande tiltak vil vi fokusere på:

1. Kommunale skuleleiararsamlingar kvar månad med skulering/drøfting i pedagogiske og administrative emne.
2. Skulebesøk, utviklingssamtalar, medarbeidarsamtalar.
3. Nasjonal leiarutvikling, jf 1.1
4. Regional leiarutvikling, jf 2.1
5. Regionalt nettverk, jf 2.1
6. Regional og kommunal skulering med aktuelle tema som lover og avtaleverk.
7. Skulering i rammestyring og budsjettreglement.
8. Legge til rette for skuleleiarar som vil/treng ta vidareutdanning.
9. Leiaropplæring – korleis leie skulen i ein ny og breiare digital kvardag.

### **1.3.2 IKT – digitale ferdigheter som grunnleggande ferdighet**

Sitat frå rammeverk for grunnleggende ferdigheter, UDIR:

«Digitale ferdigheter vil si å kunne bruke digitale verktøy, medier og ressurser hensiktsmessig og forsvarlig for å løse praktiske oppgaver, innhente og behandle informasjon, skape digitale produkter og kommunisere. Digitale ferdigheter innebærer også å utvikle digital dømmekraft gjennom å tilegne seg kunnskap og gode strategier for nettbruk. Digitale ferdigheter er en viktig forutsetning for videre læring og for aktiv deltagelse i et arbeidsliv og et samfunn i stadig endring.

Den digitale utviklingen har endret mange av premissene for lesing, skriving, regning og muntlige uttrykksformer. Derfor er digitale ferdigheter en naturlig del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglige emner. Dette gir muligheter for nye læringsstrategier, men stiller også økte krav til dømmekraft.»

Utvikling av denne ferdigheita må som alt anna skje gjennom heile utdanningsløpet. Gjennom læreplanane sine mål på ulike steg og i ulike fag, skal dei digitale ferdighetene utviklast og innlemmast innan rammene til faget. Elevane skal kunne utvikle digital kompetanse gjennom dagleg bruk i læringsarbeidet. IKT-planen for Voldaskulen (2010) er utarbeidd på bakgrunn av kompetanse måla i Kunnskapsløftet. For å kunne implementere planen treng vi både kompetanseheving av lærarar og oppgradering av IKT-utstyr, samt betra infrastruktur.

**Tiltak:**

1. Utvikle digital kompetanse (vidareutdanning) til det pedagogiske personalet og leiargruppa gjennom samarbeid med Høgskulen i Volda (igangsett hausten 2017).
2. Erfaringsdeling gjennom kommunalt nettverk for dei pedagogiske IKT-kontaktane
3. Delta på aktuelle kurs for IKT-kontaktane ved skulane.



4. Bygge vidare på målet om at alle elevane i grunnskulen skal ha eiga digital eining (nettbbrett, chromebook eller pc).
5. Systematisk vidareutvikle den pedagogiske bruken av desse einingane gjennom eksterne og interne ressursar, til dømes gjennom samarbeid med Høgskulen i Volda (alle lærarar og leiarar tek 5 stp i emnet DKL (Digital Kompetanse i Læring)).
6. Nytte iktplan.no
7. Oppretthalde og vidareutvikle infrastrukturen, slik at han er rusta for ny og utvida bruk av digitale verktøy.

### **1.3.3 Lesing som grunnleggande ferdighet**

Sitat frå rammeverk for grunnleggende ferdigheter, UDIR:

«Å kunne lese er å skape mening fra tekst. Lesing gir innsikt i andres erfaringer, meninger, opplevelser og skaperkraft, uavhengig av tid og sted. Lesing av tekst på papir og digitalt er en forutsetning for livslang læring, og for å kunne delta aktivt i samfunnslivet på en kritisk og reflektert måte.

Å lese handler om å kunne forstå, bruke, reflektere over og engasjere seg i innholdet i tekster. Tekster inkluderer alt som kan leses i ulike medier, ikke bare ord, men også illustrasjoner, symboler eller andre uttrykksmåter. Kunnskap om hva som kjennetegner ulike typer tekster og deres funksjon, er en viktig del av lesing».

Å kunne lese er ei grunnleggande ferdighet som skal gjennomsyre alle fag. Dette betyr at alle lærarar er leselærarar. For å hjelpe elevane våre til å utvikle seg som lesarar, må skulane ha eit system for oppfølging av leseferdigheiter.

Tiltak:

1. Fokus på rektor/skuleleiing sitt ansvar/leiarperspektiv i leseopplæringa gjennom heile grunnskuleløpet.
2. SOL-opplæring (Systematisk observasjon av lesing). Vidareutvikle dette verktøyet, samt sjå det i samanheng med VFL (vurdering for læring).
3. Erfaringsdeling på skulane og mellom skulane. SOL-nettverk er etablert, og kjem til å halde fram.
4. Samarbeid med Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum (Aasentunet).
5. Nytte språkløyper; digitalt og gratis kompetanseopplegg via lesesenteret.no

### **1.3.4 Rekning som grunnleggande ferdighet**

Sitat frå rammeverket for grunnleggende ferdigheter, UDIR:

«Å kunne regne er å bruke matematikk på en rekke livsområder. Å kunne regne innebærer å resonnere og bruke matematiske begreper, fremgangsmåter, fakta og verktøy for å løse



problemer og for å beskrive, forklare og forutse hva som skjer. Det innebærer å gjenkjenne regning i ulike kontekster, stille spørsmål av matematisk karakter, velge holdbare metoder når problemene skal løses, være i stand til å gjennomføre dem og tolke gyldigheten og rekkevidden av resultatene. Videre innebærer det å kunne gå tilbake i prosessen for å gjøre nye valg. Å kunne regne innebærer å kommunisere og argumentere for valg som er foretatt ved å tolke konteksten og arbeide med problemstillingen fram til en ferdig løsning. Å kunne regne er nødvendig for å kunne ta stilling til samfunnsspørsmål på en reflektert og kritisk måte ved å forstå sammenhenger og vurdere fakta. Videre er det en viktig forutsetning for egen utvikling og for å ta hensiktsmessige avgjørelser på en rekke områder i eget arbeids- og dagligliv.»

Rekning som grunnleggande ferdighet er ei ferdighet i alle fag, noko som betyr at lærarar i alle fag og på alle steg har eit felles ansvar for å utvikle rekneferdigheitane hos elevane. Realfag i si store breidde er og ei nasjonal satsing, noko som kjem til uttrykk i strategidokument frå Kunnskapsdep, «Tett på realfag» (2015-2019).

Tiltak:

1. Fokus på rektor sitt ansvar/leiarperspektiv i matematikkopplæringa gjennom heile grunnskuleløpet.
2. Kompetanseheving i realfag. Vidareutdanning etter avtale med arbeidsgjevar.
3. Kartlegging som skal nyttast til skulane si kvalitetsvurdering.

3.1 Skulane skal nytte UDIR sine frivillige kartleggingsprøver i talforståing og rekneferdigheit.

- På 1. og 3. trinn: <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/prover/kartlegging-gs/>

3.2 Skulane skal nytte M-prøvene på 3.-7. trinn

3.3 Skulane skal nytte UDIR sine læringsstøttande prøver i matematikk

- For 5.-10. trinn: <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/prover/læringsstøttende-prover/>

3.4 Resultat av kartleggins –og læringsstøttande prøver må knytast tett til «Vurdering for læring». Det er eit mål om at vi i kommunen skal utvikle vår kompetanse knytt til korleis vi handsamar resultata, og at desse skal hjelpe oss til å legge opp undervisninga på ein endå betre måte.

4. Tidleg innsats, med ekstra styrking på 1.-4. trinn
5. Oppmuntre og stimulere til matematikkaktivitetar på skulane; matemaikkens dag, matematikkveke mm.
6. Regional etterutdanning i læringsleiing (jf 1.3.1)



### 1.3.5 Tilpassa opplæring

Sitat frå opplæringslova, §1.-3:

«Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten.»

Med verknad frå 1. august 2018 vedtok Stortinget følgande ordlyd i opplæringslova §1-4:

*På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa prosesjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.*

Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld all opplæring i grunnskule og vaksenopplæring. I praksis inneber dette m.a variasjon i val av metodar, lærestoff og organisering for å sikre god og forsvarleg opplæring ut frå den einskilde elev sin evner og føresetnader. Tilpassa opplæring er IKKJE å individualisere all opplæring, men at alle sider ved læringsmiljøet tek omsyn til variasjonar i elevgruppa. Gjennom god tilpassing av det ordinære opplæringstilboden, skal læraren så langt råd er gi alle elevane eit tifredsstillande utbytte av opplæringa. På denne måten kan skulen/læraren vere med på å førebygge lære –og åferdsvanskar og avhjelpe slike vanskar når dei oppstår.

Spesialundervisning er ein rett som skal sikre at elevane får eit godt og tifredsstillande opplæringstilbod. Spesialundervisning inntreff når det er konstantert at ein elev ikkje får eit godt nok utbytte av den ordinære undervisninga. Spesialundervisning oppstår ofte i skjeringspunktet mellom tilpassa opplæring i den ordinære undervisninga og eleven sitt funksjonsnivå. Skulen sitt høve til å tilpasse opplæringa til den einskilde elev avheng blant anna av omfanget av lærevanskar hos eleven, kompetanse hos leiinga og lærarane, organisering av opplæringa, samt skulen sin tilgang på støttetenester og kompetansehevingstiltak.

Voldaskulen skal vere ein skule som i alle ledd har kompetanse til å drive god, tilpassa opplæring og slik skape trygge læringsarenaer der elevane opplever meistring. Det er eit uttalt mål at den ordinære undervisninga skal vere så god og tilpassa at behovet for spesialundervisning minskar.

#### Tiltak:

1. Fokus og arbeid med tema omkring læring, til dømes:
  - Klasseleiing og læringsleiing.
  - Systemperspektivet og individperspektiv i høve tilpassa –og spesialundervisning.
2. Betre nyttegjering av PPT si rettleiing – auka vektlegging av systemperspektivet. Samarbeide tett med nye PPT, der vi skapar felles forståing om mål og tiltak i høve arbeidet med elevar sine behov for tilpassa opplæring og elevar med behov for spesialundervisning.



3. Organisasjonsutvikling og kompetanseutvikling, slik at vi best mogleg legg til rette for god opplæring for alle elevar.
4. Tverrfagleg samarbeid på kommunalt nivå.
5. Vidare arbeid med å innarbeide gode rutinar kring elevar med særlege behov.
6. Deltaking på aktuelle kurs
7. SPU – nettverk med jamlege treffpunkt.

### **1.3.6 Kompetanse for mangfold**

Voldaskulen skal vere eit inkluderande, utviklande og fleirkulturelt skulesamfunn. Vi treng stadig kompetanseheving kring det å sjå, forstå og samhandle med elevar som er nye i Noreg. Alle med språklege minoritetar skal få oppfylt sine rettar etter opplæringslova, og vi ønskjer å drive god tilpassa opplæring også for desse.

**Tiltak:**

1. Nettverk, kompetanse for mangfold/msp (minoritetsspråkleg). Framhald av samarbeidet etter avslutta prosjektperiode. Fokus på å dele erfaringar, identifisere suksessar og utfordringar, samt setje i verk tiltak som utviklar oss.
2. Kompetanseheving i andrespråkspedagogikk og framandkulturell forståing for lærarar som underviser etter læreplanen grunnleggande norsk for språklege minoritetar.
3. Styrke og utvikle samarbeidet mellom alle aktørane i høve nyankomne, minoritetsspråklege elevar (programrådgjevarar, mottak, foreldre/føresette, innføringstilbod og nærskulane). Vurdere fortløpande korleis vi organiserer tilbodet for elevane som er nyleg kome.

### **1.3.7 Heilskapleg arbeid med læringsmiljøet.**

Etter opplæringslova §9A har elevane rett til eit psykososialt og fysisk miljø som gjer at ein har det trygt og godt på skulen. For å sikre dette, må skulane oppretthalde og utvikle vidare gode og inkluderande læringsmiljø. Utdanningsdirektoratet (UDIR) har dette som satsing i form av prosjektet «inkluderende barnehage –og skolemiljø», der ein tilbyr barnehagar og skular hjelpe gjennom kurs og kompetanseutviklingsprogram.

Volda kommune ønskjer å følge opp denne sentrale satsinga, og legg til grunn at å ha det trygt og godt på skulen er heilt nødvendig for å få eit godt læringsutbytte. Alle lærarane har fått kompetanseheving i korleis ein kan avdekke og stoppe mobbing, og det er etablert eit kommunalt innsatsteam mot mobbing som skal bistå skulane i særleg krevjande mobbesaker.

**Tiltak:**

1. Kurs og samarbeid med fagmiljø om læringsmiljø og klassemiljø. Alle lærarane har teke del i kursdag initiert av Læringsmiljøsenteret i Stavanger, og skulane følgjer opp dette innhaldet i sine fellestider.



2. Trivselsleiarprogrammet (TL) skal vere ein del av det trivselsfremjande arbeidet i barneskulen
3. Erfaringsdeling på og mellom skulane
4. Dei tilsette skal vere godt kjent med revidert §9A i opplæringslova, og kjenne til rutinene for korleis Volda kommune handterer desse sakene.
5. Tett og godt heim-skule-samarbeid
6. Gjennomføre ikkje-anonymisert elevundersøking (Spekter)
7. Skulane skal ha systematiske planar for korleis ein jobbar for å sikre eit trygt og godt læringsmiljø
8. Opprette kommunalt innsatsteam mot mobbing. Tverrfagleg team som er operativt frå august 2018.

### **1.3.8 Arbeid for å fremje god psykisk helse hos barn og unge**

Forsking viser at:

- Ca 15-20% av barn og unge slit i dag psykisk
- Ca 4-7% slit så mykje at dei treng profesjonell hjelp
- Det er fordommar og tabu knytta til psykiske problem i samfunnet i dag
- Det er høg terskel for å søkje hjelp

Det at så mange av elevane våre slit med si psykiske helse, er noko vi ønskjer å ta på største alvor. Vi ønskjer oss meir kunnskap kunnskap om og kompetanse på fremjing av god psykisk helse hos barn og unge. Vi ønskjer å skape opne og trygge miljø der barn og unge tør å snakke om psykisk helse og kjensler. Vi vil at elevane i Voldaskulen skal få hjelp til å:

- Meistre dagleglivet sine utfordringar og problem
- Støtte andre som har det vanskeleg
- Identifisere og snakke om kjensler

**Tiltak:**

1. Utvikle personalet sin kompetanse om psykisk helse, m.a ved å følgje opp kursinga av alle lærarar i 1.-4. trinn i det universalførebyggande programmet «Zippys venner». Ha gode interne prosessar som sikrar at nytilsette vert opplært og får eigarskap til programmet.
2. Utvikle SMART-oppvekst som eit verktøy retta mot mellomsteget og ungdomsseget.
3. Nyte verktøyet «psykologisk førstehjelp».



4. Revidere faldaren «Skulevegring – ein rettleiar for skule og heim», og nyte denne aktivt på skulane. Skal delast ut på alle 1., 5. og 8. klassar.
5. Tverrfagleg samarbeid på kommunalt nivå
  - a. Stabsmøte
  - b. Ressursteam
6. Særleg fokus på overgangar, legge vekt på eit godt samarbeid mellom skulane og mellom barnehage og skule.

## Oppsummerande

Mykje av den nasjonale satsinga vert kanalisert gjennom kompetanse for kvalitet (KFK). Denne satsinga skal sikre at lærarar får opparbeidd nødvendig kompetanse etter nye krav gjeldande frå 2025. Satsinga skal og sikre at kompetansen er og blir relevant, og at kompetansen skal stette kommunen sine behov som arbeidsgjever.

Planen er eit utgangspunkt som styringsverktøy dei komande åra. Opplæring og oppvekst meiner planen gir eit godt bilet av det vi kan forvente oss av den nærmaste framtida.

Heile Volda kommune er i prosess med å byggje nye Volda kommune som tek til å virke frå 2020. Opplæring og oppvekst har alt hatt samling der skule –og barnehageleiarar i Hornindal kommune deltok, og det er og planlagt nye samlingar fram mot 2020 der vi skal byggje felles kultur. Denne kompetanseplanen gjeld formelt berre for noverande Volda kommune, men det er ikkje til hinder for at denne planen kan vere eit utgangspunkt i bygginga av, og førebuinga til, ein ny kommune.

**PS 32/18 Orienteringssaker**



# VOLDA KOMMUNE

## Opplæring og oppvekst

Kommunestyret  
Formannskapet  
Tenesteutval for oppvekst og kultur  
Ungdomsrådet

*Arkivsak nr.* 2016/662    *Løpenr.* 12098/2018    *Arkivkode* 040    *Avd/Sakshandsamar* OPP/ HAVSTR    *Dato* 03.09.2018

### **ORIENTERING - NY KOORDINATOR FOR IVARETAKING AV BARN OG UNGE SINE INTERESSER I PLANSAKER**

I samsvar med §3-3 i plan –og bygningslova, skal kommunestyret sørge for å etablere ei særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga.

I sak 59/16 i kommunestyret, 26.05.16, vedtok kommunestyret ei revidering av lokale retningsliner for koordinatoren for dette. I handsaminga av saka den gongen vart det og opplyst at rådmannen hadde delegert oppgåva til sektoren for opplæring og oppvekst. Oppgåva har historisk vore stipulert til å vere om lag 15-20% av heil stilling.

Ordninga med ein slik koordinator er særleg knytt til å ivareta barn og unge sine interesser i planlegging og byggesakshandsaming etter plan –og bugningslova- Viktige moment som ligg til grunn for ordninga er:

- PBL §1-1: Barn og unge skal takast omsyn til i all planlegging og i det einskilde byggetiltak.
- PBL §3-3: Kommunestyret skal syte for ei ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga.
- PBL § 5: Barn og unge har rett til å verte høyrt i all plan –og byggesakshandsaming. Dei som fremjar planar har plikt til å organisere planprosessen slik at barn –og andre partar – kan delta og fremje eigne synspunkt.

Kommunen kan velje ulike modellar for å organisere ordninga. Miljøverndepartementet har gitt sine råd for korleis oppgåva kan løysast – heile rettleiaren kan ein finne her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/bcccd028e3b494d2fa8c6840851f2f2/t-1513.pdf>

Mellom anna legg rettleiaren vekt på:

- At barne –og ungrepresentanten har møterett og talerett i utvala som handsamar planar, jf kommunelova § 23, nr 3.
- At barne –og ungrepresentanten bør vere ein identifiserbar person.

---

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no

www.volda.kommune.no

Teléfono:

Telefaks:

Org. nr:

939 760 946

Bankgiro:

- At den kommunen peikar ut får naudsynt opplæring, at ein får støtte, rettleiing og oppfølging i rolla samt at ein har ein arbeidssituasjon som gjer at oppgåva kan prioriterast og følgast opp.

Oppvekstsjefen har frå 01.08.18 gjort endringar knytt til koordinatorrolla, slik at Steinar Ose Velle no har teke over som koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker. Han tek over etter Nina Hovden Eidheim som hadde funksjonen fram til 01.08.18.

Med helsing

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

Håvard Strand  
fagkonsulent skule

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

# **LOKALE RETNINGSLINER FOR KOORDINATOR FOR IVARETAKING AV BARN OG UNGE SINE INTERESSER I PLANSAKER, JFR PNL § 3-3-, 3. LEDD.**

Vedteke av Volda kommunestyre i møte 18.12.97, sak 176/97, ajourført i samsvar med vedtak i møte i Volda kommunestyre 18.10.07, sak 107/07. Revidert, kommunestyresak PS 59/16 handsama den 26.05.2016.

## **1. HEIMEL**

I samsvar med § 3-3, 3. ledd i plan- og bygningslova skal kommunestyret sørge for å etablere ei særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga.

## **2. FØREMÅL**

Koordinator for å ivareta barn og unge sine interesser i plansaker skal synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Koordinator skal som følgje av det ha høve til å setje seg inn i og rett til å uttale seg i dei delane av denne planlegginga og sakshandsaminga som er lagt til det faste planutvalet. Føremålet er å få omsynet til barn og unge tidleg inn i planlegginga.

## **3. MÅLSETJING**

Av overordna mål i kommuneplanen går det fram at ein i kommunen skal arbeide for å betre oppvekstvilkåra for barn og unge ved å leggje til rette gode og trygge oppvekstmiljø, som gjev barn og ungdom høve til sjølvutvikling og utvikling av samkjensle og identitet til heimstaden.

Koordinator for å ivareta barn og unge sine interesser i plansaker skal derfor vere med å sjå til at følgjande vert følgd:

- Sikre gode og trygge oppvekstmiljø gjennom tverrfagleg samarbeid og i samarbeid med lokalbefolking, frivillege lag og organisasjonar.
- Verne om ytre natur- og miljøkvalitetar, kulturminne og leikemiljøet der born bur.
- Stimulere til at barn og ungdom kan delta i planlegging som vedkjem oppvekstmiljøet, t.d. ungdomsråd, ungdomen sitt kommunestyre e.l.

## **4. VAL/OPPNEMNING**

Koordinator med vara skal utpeikast av kommunestyret for 4 år.

Sak om val skal handsamast i starten av kvar valperiode, slik at kommunestyret har høve til å stadfeste eller endre valet sjølv om representanten skal vere frå administrasjonen.

Fylkesmannen og fylkeskommunen skal ha melding om valet.

## **5. PLIKTAR/RETTAR**

Koordinator har:

- møterett, talerett og rett til å kome med forslag i det faste planutvalet. Planutvalet står fritt til å avgjere om eventuelle forslag frå koordinatoren skal realitetshandsamast.
- rett til å få protokolltilførslar innført i protokollen.
- som kommunalt oppnemnt, ikkje høve til å klage på vedtak.

Rådmannen har ikkje instruksjonsmynde overfor koordinator når vedkomande utfører denne funksjonen.

## **6. TID TIL FUNKSJONEN**

Arbeidsoppgåva som koordinator for å ivareta barn og unge sine interesser i plansaker er lagt inn i stillingsomtalen til koordinator.

## **7. ARBEIDSOPPGÅVER**

- Koordinator kan delta på møta i Det faste planutvalet
- Koordinator skal ha tilsendt sakene til møta i Driftsstyret og Forvalningsstyret og har høve til å møte i bygningssaker som avvik frå stadfesta plan - dispensasjonssaker, der dette vil ha innverknad på barn og unge sine interesser.
- Det skal utarbeidast ei sjekkliste i høve barn og unge til bruk i saksførebuinga i desse sakene i Det faste planutval, Forvalningsstyret og Driftsstyret.
- Koordinator kan delta i det administrative “planmøtet”, dvs. skal kome inn i planprosessen på eit tidleg tidspunkt.



## VOLDA KOMMUNE Engeset barnehage

### Til

Rebecca Riise Bjerknes,	kommunal representant.
Heidi Fjukstad Aklestad,	foreldrerepresentant.
Øyvind Espe,	foreldrerepresentant.
Christine Haugen,	tilsetterrepresentant.
Anne Bjørneset Følsvik,	tilsetterrepresentant.
Iselin Hunnes Arnesen	AU
Stig Worren	AU
Kaja Elise Enge	AU
Maria Søvik	AU
Elisabeth Skarstein	AU
Tone Rustestuen Aarhus	AU

### Referat frå felles møte i samarbeidsutvalet SU og arbeidsutvalet AU i Engeset barnehage, torsdag 24.mai.

Desse møtte: Heidi Fjukstad Aklestad, Iselin Hunnes Arnesen, Stig Worren  
Elisabeth Skarstein, Christine Haugen, Anne Bjørneset Følsvik, Inger Anne K. Holm

### Saker:

#### Sak 1. Oppsummering av barnehageåret 2017/2018.

Når det gjeld barna; ledige plassar, nye barn, bytte av avdeling, har dette barnehageåret vore mykje rolegare enn det fjoråret var. Det har likevel vore nokre endringar dette året også. Eplehagen fekk nye barn i november, desember og januar og eit barn slutta i april. På Trollhaugen slutta eit barn i mars/april

Når det gjeld personalet har det vore mykje endringar dette barnehageåret, ingen av avdelingane ser heilt slik ut no som dei gjorde då vi starta. Det er både sjukmeldingar og ulike permisjonar som er årsakene til det. Vi har også fått nye tilsette og andre tilsette har fått nye funksjonar. Det har stort sett gått seg greit til, vi har for det meste hatt stabile vikarar og vår oppfatning er at barna i stor grad har takla det veldig bra. Foreldrerepresentantane var også opptatt av at det hadde vore mykje endringar i personalgruppene, noko som kan vere forvirrande for barna.

Arbeid med prosjekt: Kvalitet og leiing, fokus på språk. Kvalitet og leiing skal vere ein arbeidsmåte i alle barnehagane i Volda.

«Med blikk på barnet» observasjonsmetode i Voldaprosjektet. Filma i ulike situasjonar. Brukar filmane som utgangspunkt for refleksjon over eigen praksis.

**Sak 2. Økonomi.** Oppfordra av bhg.konsulenten til å sei noko om budsjettet på Su/Aumøte. Styrarane har no større ansvar for rekneskapet, må gå inn kvar månad å sjekke budsjettet, godkjenne og forklare årsak til større avvik.

Vi har eit driftsbudsjett på ca. 186000,- personalutgifter ligg ikkje inne i det budsjettet. Det har vore lite endringar i budsjettet dei siste åra. Siste store innkjøp er to utebord til dei minste barna.

Overforbruk på variabel løn m.a. på grunn av mykje fråver, og dermed mykje bruk av vikar. Det er noko som vi blir oppfordra av Oppvekstavd. om å gjere noko med.

Spørsmål rundt planar om ny stor barnehage. Det har vore svært stille rundt desse planane i det siste. Det verkar som om det er andre prosjekt kommunen prioriterar meir i tida framover. Uansett er det mest sannsynleg at Engeset ikkje skal vere med i ei ny stor barnehage, i første omgang.

**Sak 3. Tankar om nytt barnehageår. Styrarstillinga.** Ny styrar Nina Følsvik som jobbar som assisterande styrar i Mosmarka barnehage. Ho startar i jobben 1.august.

Neste barnehageår vil det m.a. bli fokus på leikeplassar, Psykologisk førstehjelp og tryggleiksirkelen. Satsing på IKT, det skal kjøpast inn iPadar til barna, 1:2 til skulestartarane, ellers iPad på alle avdelingane. Det vil også bli skulering av personalet i bruk av digitale verkty..

Voldaprosjektet blir offisielt avslutta 1. februar med planleggingsdag med May Britt Drugli.

**Sak 4. Bruk av AU pengane, innkjøp av leikeapparat**

Au-pengane ca. 43000,- og 11000,- som står på ein prosjektkonto

Ped.leiarane har ynskt seg ein båt som skal stå i den eine sandkassa og 2 vippehusker; bil og ein dyrefigur. Pengane skal settast inn på barnehagen sitt budsjett, då får vi momsfritak.

Vi bestiller før ferien, men vil ha dei levert når nytt barnehageår har starta, slik at barnehagen kan arrangere dugnad for å få dei på plass

**Dato for årets dugnad og sommarfest:** Dugnad 5. juni, Sommarfest 12. juni.

  
05.07.18. Referat Inger Anne K. Holm.